



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 11. april 2016
Stad: Meland kommunehus – møterom 3
Kl.: 08.30 – 10.10
Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Aslaug Aalen, Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens og Øyvind Bratshaug
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordfører Øyvind Oddekalv
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

11/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Innkalling og sakspapir vert sendt på e-post til faste og vara medlemmer, og dei som ønskjer å få dette i vanleg post gjer ei tilbakemelding til sekretariatet om dette.

12/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 09.02.16 vart godkjent slik den ligg føre.

13/16 Skriv og meldingar

- a. Skatteetaten – Kontrollrapport 2015, Skatteoppkrevjarfunksjonen for Meland kommune
- b. Nordhordland kemnerkontor – Årsrapport og årsrekneskap 2015

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

14/16 Uttale til årsrekneskapen for 2015

Saksvedlegg: Årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 13

Rådmannen møtte i saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2015, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Meland kommune sin årsrekneskap for 2015:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Meland kommune for 2015. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding og revisjonsrapport.

Driftsøkonomi

Meland kommune sin økonomi er også positiv i 2015. Driftsutgiftene har auka med 4 % og driftsinntektene med med 6,1 %. Netto finanskostnader er auka med 8,4 mill. kr. Mindreforbruket i 2015 er på 9,1 mill. kr.

Netto driftsresultat i 2015 er pluss 16,2 mill. kr og det utgjør ca. 3 % av driftsinntektene, det er 10,8 mill. kr betre enn budsjettert.

Ein stor del av kommunen sine utgifter er lønnsrelaterte. Samanlikna med 2014 har lønnsutgiftene inklusiv sosiale utgifter auka med 10,7 %.

Tenesteområda – skjema 1B og 2B

Kommunestyret har vedtatt ei total ramme som rådmann kan fordele på dei ulike tenesteområda. Kontrollutvalet synes kommunestyret bør vurdere på kva nivå ein vel å vedta budsjettskjema 1B på. Slik det er i dag så vedtek kommunestyret berre eit beløp som rådmann har fullmakt til å fordele på dei ulike tenesteområda.

Avvik (overforbruk/underforbruk) er stort sett forklart i årsmeldinga. Totalt sett så er det eit mindreforbruk på 9,1 mill. kr.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der nokon mindre avvik i forhold til vedteke budsjett. Rev. budsjett viser ei stor nedjustering frå oppr. budsjett. Avvika vart også forklart i møte. Kontrollutvalet ser det som positivt at ein har gjort nedjusteringar frå opprinneleg budsjett. Kontrollutvalet har tidlegare peika på at kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsvhengig.

Anna

Kommunelova § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein høg etisk standard og betryggande kontroll. Desse punkta er omtalt i årsmeldinga.

Revisjon

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 06.04.2015 og revisjonsrapport nr. 13 datert 06.04.2015. Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten. Det er mellom anna peika på at ulike avstemmingar må gjennomførast løypande gjennom året. Det er også peika på fleire nødvendige korrigeringar i 2016, blant anna anleggsregister og aksjar. Bankkontoar utanom rekneskapen er særleg peika på, og slike kontoar kan medføre risiko for kommunen. Kontrollutvalet reknar med at revisjonen sine kommentarar vil bli følgt opp av administrasjon.

Konklusjon

Kommunen sin økonomi er forbedra også i 2015, som viser ei positiv utvikling for kommunen. Det er viktig at revisjonen sine kommentarar vert følgt opp, slik at nødvendige korrigeringar kjem på plass i 2016. Kontrollutvalet ser det som svært viktig at det er samsvar mellom budsjettet og årsrekneskapen, og at det er god økonomistyring i kommunen.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

15/16 Orientering om verv til medlemmer i kontrollutvalet

Saksvedlegg: Tolgingsuttalelse frå kommunal- og moderniseringsdepartementet 07.07.2015.

Det vart stilt spørsmål omkring styreleiar og andre liknande verv til medlemmer i kontrollutvalet. Kontrollutvalet ønska å få ein gjennomgang av regelverket knytt til dette på neste møte i kontrollutvalet.

KS Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll omtaler habilitet for folkevalde mellom anna i si anbefaling nr 9 om styresamansetjing. Det er ikkje forbod mot at folkevalde set i styret for kommunalt eigde aksjeselskap. KS skriv under anbefaling nr 9 at:

«Når det er spørsmål om å velge folkevalgte eller ansatte i kommunen til styremedlemmer i selskaper kommunen har eierandeler i, bør kommunen vurderer hvor ofte vedkommende vil bli inhabil. Dersom inhabilitet vil inntre ofte, må det vurderes om dette vil gjøre det uhensiktsmessig å velge den aktuelle personen til styremedlem. Typisk gjelder dette der det er snakk om sentrale folkevalgte eller ansatte i lederstillinger. Om ulempene ved å velge slike personer til styremedlemmer overstiger behovet for å ha den aktuelle personen i styret er en vurdering som kommunestyret selv bør gjøre.»

I ein tolkingsuttalelse frå kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 07.07.2015 omtalast habilitet og valbarheit for medlemmer i kontrollutvalet ved selskapskontroll. Her vert det peika på at medlemmer i kontrollutvalet som sit i styret for eit selskap, ikkje automatisk vert inhabil i handsaming av saker i kontrollutvalet som gjeld selskapskontroll. Men vedkommande kan bli inhabil ut i frå forvaltningslova § 6 anna ledd:

«Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.»

§ 77 nr 2 i kommunelova seier noko om val til kontrollutval:

"Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller

fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, medlem og varamedlem av kommunestyrekomite og fylkeskomite etter § 10 a og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen."

I tolkingsuttalelsen frå 07.07.2015 er det peika på at departementet tidlegare har uttalt at styret for eit kommunalt føretak (FK) må tolkas som «nemnd med beslutningsmyndighet», jf. kommuneloven § 77 nr 2: «Medlemmer at styret for vedkommende KF måtte følgelig anses utelukket fra valg til kontrollutvalget».

Sekretariatet orienterte om dei gjeldande reglane og tilrådingar omkring verv til medlemmer i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

16/16 Plan for selskapskontroll

Saksvedlegg: Notat «Plan for selskapskontroll 2016 – 2019»

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (kompl.) § 77 nr. 5, som seier at kontrollutvalet skal "*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.*", jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 andre ledd skal det "*minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.*" Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

Rådmannen møtte til saka.

Kontrollutvalet diskuterte og stilte spørsmål til rådmannen om eventuelle endringar i Meland kommune sine eigarskap i selskap i 2015.

Samrøystes vedtak:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Meland Utbyggingsselskap AS

Planen byggjer på kontrollutvalet si vurdering av kva selskap det er hensiktsmessig å utføra selskapskontrollar i og deira prioriteringar av dette.

Forslag til vedtak i kommunestyret:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Meland Utbyggingsselskap AS

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

17/16 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval. Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen, og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klemmentsen

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

18/16 Eventuelt

a. Kontrollutvalet på kommunen sine heimesider


Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalet sine møter kjem inn under felles møteplan og møteinnkalling for kommunen.

Neste møte i kontrollutvalet er 27. september kl. 08.30.

Frekhaug, 11. april 2016


Kåre Skibenes /leiar


Tonje Husum Aarland /sekretær